



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Brooke Wilkerson, 5557 2323
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Vår dato
31.01.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/5615 421.4
Dykkar referanse

Sveio kommune
Postboks 40
5559 Sveio

Uttale til silingsrapport - Sveio - Fv 6 Sveio Sentrum - Grimstveit - Betre trafikktryggleik - Detaljregulering

Fylkesmannen syner til epost dagsett 25.01.2018 med silingsnotat som viser alternative løysningar for vegstrekninga Fv. 6, Grimstveit – Sveio Sentrum. Kommunen ønskjer ei vurdering frå Fylkesmannen av om dette er tilstrekkeleg dokumentasjon for å fortsetja med planarbeidet.

Vi syner til brevet vårt til kommunen datert 04.09.2017:

Når det gjeld strekninga Grimstveit – Sveio sentrum har kommunen fatta vedtak om å jobba vidare med alternativ 1 som inneber ny veg i ny trase. Vi registrerer at 0-alternativet ikkje innfattar planområdet. Vi rår til at ein utvidar planområdet slik 0-alternativet vert teke med i det vidare planarbeidet.

Utan ei tilstrekkeleg vurdering av 0- alternativet, og vidare ei substansiell vurdering av dei ulike alternativa opp mot kvarandre, vil det ikkje la seg gjera å ha ei tilstrekkeleg vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova §§ 8-12 som er påkravd (jf. naturmangfaldlova § 7). Særleg relevant vil det vera å vurdere lokaliseringar og konsekvensane dei ulike alternativa vil ha for naturmangfaldet (jf. naturmangfaldlova § 12).

Vi kan ikkje sjå at tilrådinga har blitt lagt til grunn i silingsrapporten. Silingsrapporten har ikkje vurdert 0-alternativet, og det er heller ikkje gjeve grunnar for det. Generelt verka rapporten lite grundig, og vi saknar ei nærmare vurdering av konsekvensane for ikkje-prissette tema. Ev. ny veg vil særleg røre nasjonale naturmangfaldinteresser, og vi meiner at desse må komme tydeleg fram på karta.

Vi meiner at silingsrapporten bør utdjupast med omsyn til ikkje-prissette temaa samt at konsekvensane for naturmangfald må komme meir tydeleg fram. Naturtypar og viktige artar må kartfestast og vektast. Som vi rådde til tidelegare må planområdet utvidast slik at 0-alternativet vert teke med i planarbeidet. Vi syner elles til brevet vårt frå 04.09.2017 i sin heilskap.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Brooke Wilkerson
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Aleheim, Åse